

Program Stad Senterparti 2023-2027

Stad Kommune skal sette retning og spele på lag med innbyggjarane. For Stad Senterparti vert det i komande valperiode viktig å bidra til å byggje eit sterkt fellesskap i Stad kommune. Vi er framleis ei ung kommune etter samanslåinga. Det å byggje ein felles identitet vert viktig framover også, og dette må syne igjen i praktisk politikk der vi prioriterer å skape ei god samfunnsutvikling i alle delar av kommunen. Til det trengs det at kommunen har økonomisk handlingsrom, slik at vi kan skape ei positiv utvikling saman. Vi går til val på å oppretthalde og styrke eldreomsorga, prioritere nok lærarar i klasseromma, og utvikle tenestene slik at vi kan møte behova framover. Lånegjelda til kommunen har auka sterkt dei siste åra og dette kan ikkje halde fram. Nye investeringar må bidra til inntekter, innsparingar i drifta eller vere sjølvfinansierande. Til meir pengar kommunen må bruke på å betale renter og avdrag, til mindre vert det att til å betale løn til tilsette. Senterpartiet i Stad vil gå inn for å føre ein ansvarleg økonomisk politikk. Vi vil gjere det vi kan for å skape ei positiv samfunnsutvikling innanfor rammene og prioritere å støtte opp under gode initiativ frå frivillige lag og organisasjonar, og næringslivet. Vi vil vere ein pådrivar for at Stad kommune gjennom oppdaterte kommune- og arealplanar legg til rette for at eksisterande næringsliv kan utvikle seg og at vi vert attraktive for nyetableringar.

Kva samfunn ynskjer vi?

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som med tru på eigne evner tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og for natur og miljø. Forvaltartankegangen er eit viktig prinsipp i Senterpartiet. Det betyr at hav, jord, elv, luft og land skal overleverast til neste generasjon i minst like god, eller betre tilstand.

Vårt menneskesyn har utspring i det kristne verdigrunnlaget og humanistiske verdiar i pakt med dette. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

Kvífor Senterpartiet

Senterpartiet seier at ein vil «ta heile landet i bruk» og at ein vil ha tenester der folk bur. Dette står Senterpartiet for enten du snakkar med sambygdingen din på kommunevallista, eller om du snakkar med våre politikarar på Stortinget. Vi meiner at alle skal ha gode tilbod og likeverdige tenester nær der dei bur.

Stad kommune skal vere ein god plass å vekse opp, med gode skular og levande lokalsamfunn frå ytst til inst. Vi meiner Stad kommune skal ha ambisjon om at Nordfjordeid er det største vekstsenteret i Nordfjord.

Vår prioritering vil alltid vere å ha nok hovud og hender ute hos dei eldre, skuleelevar og barnehageungane. I ein langstrakt kommune er vårt langsigktige mål å bygge kommunen betre saman med vegar.

Viktige prinsipp for Stad Senterparti er at vi vil:

- sjå *heile* kommunen.
- sjå og hjelpe dei svakaste.

*«Vår prioritering vil
alltid vere å ha nok
hovud og hender ute
hos dei eldre,
skuleelevar og hos
barnehageungane »*

- skape eit godt samarbeidsklima og vere konstruktive.
- skape identitet og stoltheit blant innbyggjarane.
- skape ein kultur for å heie fram dei som tør å satse.
- samarbeide med naboane og alltid strekke ut ei hand, saman er vi sterkare.
- tenke globalt, handle lokalt.

Ein god oppvekst

Vi vil at dei som veks opp i Stad kommune skal ha ein trygg og lukkeleg oppvekst. Dei skal vere trygge på seg sjølv og sin identitet. Dei skal vere stolte av plassen dei kjem frå og kjent med moglegheitene som finnast her for dei i framtida.

Psykisk helse er ei utfordring for mange unge. Verdas helseorganisasjon anslår at dette vert den største årsaka til sjukdomsbelastning framover. Vi må ha låg terskel for å snakke om og få hjelp med psykisk helse.

For at Stad kommune skal vere ein attraktiv stad å busetje seg er det viktig med god barnehagedekning i ulike delar av kommunen. Slik kan nyetablerte få knyte nettverk til nærmiljøet sitt, samstundes som barna får følgje av venene sine i overgangen til barneskule.

Kommunen må prioritere å ha nok ressursar til alle elevane. Velfungerande leiing og vidare satsing på lærarane er viktig for å sikre gode skular. Senterpartiet meiner at eit godt skuletilbod i Stad kommune også betyr at vi skal oppretthalde ein desentralisert skulestruktur.

Vidaregåande skule er ein viktig del av oppveksten og i praksis ein del av grunnutdanninga. Difor må det vere mogleg å ta vidaregåande skule frå der du bur. Vi vil arbeide for at ungdom som ynskjer det skal få bu heime lenger. Mellom anna ved å ha skuleruter tilrettelagt for elevar i vidaregåande skule. For Senterpartiet er det viktig å bevare nærskuleprinsippet for å sikre at elevane fullfører vidaregåande opplæring med høg gjennomføringsgrad. Desentralisert skulestruktur er viktig for ungdomen vår og for å sikre berekraftige lokalsamfunn.

Barnehage

- Sikre full barnehagedekning, med opptak gjennom året.
- Syte for at barnehagane har gode uteområde, og nærliggande turmogleheter.
- Ha aktivitetsbaserte barnehagar der leik og meistring er hovudfokus.
- Ha aktiv deltaking i matlaging for born i barnehagen for å skape gode haldningar seinare i livet. Lære om matvarene frå jord til bord.
- Vi treng fleire barnehagelærarar og betre bemanning.

Grunnskule

- Vi vil oppretthalde og vidareutvikle dagens skuletilbod med dei skulane som er.
- Prioritere tilstrekkelege ressursar for å sikre gode læringsmiljø i klassane.
- Prioritere midlar til innkjøp av læreverk og andre læringsressursar.
- Vidareføre ordninga med spesialpedagogisk ressursteam i Stad og utvide dette til også å bli psykososialt ressursteam

- Ha aktiv deltaking i matlaging i barneskulen og lære om kosthald og matvanar. Lære om matvarene frå jord og sjø til tallerken. Gjerne i kombinasjon med dagleg felleslunsj på barneskulane.
- Legge til rette for dagleg fysisk aktivitet i skulane og auka fokus på symjeopplæring.
- Aktivt ta vare på og formidle kulturarven vår.
- Vi vil legge til rette for at born og unge får oppleve kva Nordfjord har å tilby gjennom undervisning, aktivitetstilbod og samarbeid med næringslivet.
- Alle skular får disponere ein fri pott med midlar som kan nyttast til skulehelse- og miljøfremjande tiltak. Denne potten er det skulane sjølv som avgjer korleis blir fordelt gjennom forpliktande samspel mellom rektor og elevråd.
- Det skal vere gratis sanitetsprodukt for jenter på skulane i Stad.
- Fleire utdanna lærarar, arbeide for rekruttering og behalde dei vi har.
- Støtte opp under initiativet om skulehagesatsinga ved Nordfjordeid skule med mål om fleire skulehagar i kommunen

Vidaregåande skule

- Vi vil arbeide for tilrettelagt skulerute godt tilpassa timeplanen på skulane slik at elevar på vidaregåande skule kan bu heime lenger, ved blant anna å arbeide for å styrke skuleskyssordninga.
- Vi vil arbeide for gode tilbod i høve desentralisert skulestruktur.
- Stad senterparti vil ha eit tett samarbeid mellom Stad kommune, Vestland fylkeskommune og arbeidslivet i kommunen for å auke interessa for å ta yrkesfagutdanning.
- Aktivitetsdagar for ungdom der dei kan bli kjent med ulike yrkesfag.
- Samarbeide med næringslivet for å ha nok lærerlapplassar til elevar på yrkesfag.
- Arbeide for å styrke Eid Vidaregåande skule sin profil i høve Sophus Lie og realfag i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Vite Meir
- Arbeide for å styrke Eid Vidaregåande skule i samarbeid med Inviro og Campus Nordfjordeid

Vaksenopplæring - eit viktig steg vidare.

Senterpartiet ynskjer å leggje til rette for at alle innbyggjarar har høve til livslang læring, nye karrieremoglegheiter og kunne ta del i eit arbeidsliv som stiller stadig større krav til formell kompetanse.

Senterpartiet vil:

- støtte opp under arbeidet med å etablere modulbasert etter- og vidareutdanning på Nordfjordeid.
- sikre desentraliserte vaksenopplæringstilbod og legge til rette for meir nettbasert opplæring.
- sikre gratis karriererettleiing for vaksne over 19 år og ha gode samarbeidsrutinar med studieforbund og NAV når det gjeld arbeidsmarknadstiltak.
- at innvandrarar med utdanning frå heimlandet raskt får denne vurdert og eventuelt tilbod om tilleggsutdanning for å kunne jobbe innan same yrkesfelt i Noreg.

- opprette fleire yrkesretta utdanningsløp for innvandrarar ved Eid Vidaregåande skule, med stor vekt på språktrening og arbeidspraksis under utdanninga, etter «Gloppenmodellen».

Integrering:

Senterpartiet vil halde fram med å busette flyktingar i heile Stad kommune. Praksisplassar, språkplassar og arbeidsplassar er viktig for rask og god integrering og meiningsfulle liv for dei som kjem til Stad kommune.

Senterpartiet vil arbeide for:

- nok bustadar til flyktingar.
- nok kapasitet og ressursar i skule og barnehage.
- innsats for å inkludere born og unge i fritidstilbod i kommunen, til dømes gjennom ordninga Stad-ven.
- å halde fram med å legge til rette for gode lågterskel møteplassar som t.d. Eidsgata 9 og innbyggjartorget Selje, for alle ungdomar.
- rask språkopplæring til innvandrarar.

Høgare utdanning

- Stad kommune og næringslivet må jobbe for desentralisert høgskuletilbod i samarbeid med Inviro og Campus Nordfjordeid, Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland.
- Arbeide for at innsatsen til Framtidsfylket held fram i Vestland fylkeskommune og at Stad kommune og næringslivet aktivt tek del i dette.
- Mange ungdommar må flytte vekk for å ta høgare utdanning. Stad senterparti ynskjer at Stad kommune og næringslivet saman må jobbe for at halde kontakta med studentane gjennom utdanninga, til dømes gjennom Nordfjordakademiet.

Trygg skuleveg

- Alle elevar skal ha trygg og god skuleveg, både dei som går og dei som tek buss.
- Oppdatere, prioritere og gjennomføre trafikktryggingsplan.
- Arbeide for rassikring av utsette strekningar

Idrett og kultur og aktiv fritid

- Vi vil arbeide og legge til rette for at alle skal ha tilgang på gode aktivitetstilbod innanfor både idrett og kultur.
- Vi vil arbeide for å etablere ein felles portal for alle innan idrett og kultur. Dette er viktig for å sikre at aktivitetane er kjende for alle. Spesielt viktig for tilflyttarar utan nettverk i kommunen frå før.
- Vidareføre årleg innbyggjartreff.
- Arbeide for at ungdom skal få gode og trygge samlingsplassar.
- Kulturskulen er ein bærebjelke for kulturlivet og må vidareutviklast i Stad kommune.
- Støtte opp under mangfaldet av frivillige lag og organisasjonar i kommunen.
- Vi vil jobbe for vidare reduksjon av leigesatsar på idrett og kulturskule.

- Vi vil arbeide for at Stad kommune i samarbeid med Vestland fylke, Opera Nordfjord og Malakoff kan etablere fleire øvingsrom for band, korps og orkester i tilknyting til Operahuset.
- Arbeide for betre merking av fleire turstiar mot etablerte turmål.
- Ha eit tett samarbeid med Stad Idrettsråd, idrettskrinsen og Vestland Fylkeskommune for å legge til rette for aktivitetar og anlegg for ulike grupper.
- Samarbeide tett med kommunane i Nordfjord og Vestland Fylkeskommune for å kunne nytte spelemiddelordninga godt, og bidra til samarbeid over kommune- og fylkesgrensene der dette er tenleg for å få realisert større anlegg.
- Framleis støtte opp under “fyrtårna” i Stad Kommune. Dragseidspelet, Selja kloster, Malakoff, Opera Nordfjord, Norsk Fjordhestsenter, Fellesanlegget Tua og Harpefossen Skisenter.

Helse og omsorg

- Arbeide for at alle skal få ein god start på livet ved å halde på eksisterande sjukehustilbod og sjå på moglegheitene vidare i samarbeid med Nordfjord sjukehus lokalt og Helse Førde.
- Sikre og utvikle kommunen sitt tilbod innan psykisk helse med tidleg innsats retta inn mot born og unge.
- Sikre at kommunen har nok institusjonsplassar og at eldre skal få institusjonsplass når dei treng det.
- Sikre at alle får det helsetilbodet ein har behov for i ulike fasar av livet.
- Arbeide med rekruttering av helsepersonell og behalde dei vi har.
- Saman med ungdomen lage samarbeidsplattformer mellom ungdom, helseaktørar, skulevesenet med fokus på ungdom og helse.
- Prioritere livsmeistringsprogrammet i ungdomsskulen.
- Gje alle elevar i alderen 12-19 år ei årleg samtale med helsesjukepleiar eller nokon med tilsvarende kompetanse.
- Ha kontor til helsesjukepleiar på skulane der ungdom lett kan ta kontakt om dei treng det og gjere tenesta godt kjend på skulane.
- Arbeide for framleis ambulerande tannlege slik at skuleborna i ytre del av kommunen kan gjennomføre kontrollar og behandlingar på tannklinikken i Selje.

Arbeidsliv

- Sikre at ungdom er kjent med næringslivet og moglegheitene som finns i Stad for både arbeid og utvikling.
- Arbeide for å utvikle fleire varige tilrettelagde arbeidsplassar i kommunen.
- Ha eit samarbeid med næringslivet, slik at dei kan tilby skuleleie ungdom praksisplassar.
- Vi skal legge til rette for at dei som ynskjer det kan jobbe heiltid.

Ein god plass å bu i verda

Stad Senterparti meiner at tilrettelegging for busetnad i heile kommunen skaper vekst. Stad kommune strekk seg frå inst ved Hornindalsvatnet til ytst i Ervik. Det er ein langstrakt kommune med variert natur som byr på alt frå nakne klipper som står mot storhavet, til rolege fjordarmar og dalar. Ein kan stå på snøbrett på Harpefossen, gå på ski i Fladalen og stå på surfebrett i Hoddevika. Moglegheitene knytt til opplevingar i naturen er nesten utan grenser. I tillegg er kommunen rik på organisasjons- og kulturliv i alle krinsar. Operahuset byr på eit så allsidig og tett program at det gjev ein urban følelse av å bu ein stad der det skjer mykje meir enn du kan få med deg. Opera Nordfjord og Malakoff syner at alt er mogleg. Dugnadsånda står sterkt i kommunen og er ein av våre største verdiar som vi må ta vare på i framtida.

Senterpartiet meiner vi må jobbe for eit godt tilbod i heile kommunen som dekker dei langsiktige behova for skulen, idretten og kulturlivet.

Vi må legge til rette for at det er lett å busette seg i heile kommunen med tilgang på bustadomter i alle krinsar. Stad kommune må sikre oppdaterte arealplanar som verktøy for god samfunnsutvikling. Senterpartiet vil prioritere å ha god kapasitet til planarbeid og byggesakhandsaming.

Eit godt oppbygd kommunalt helsetilbod og sikre alle innbyggjarane det helsetilbodet dei har behov for er ein av dei viktigaste kommunale oppgåvene. Stad senterparti vil jobbe for at når du treng hjelp frå helsevesenet, så skal hjelpa vere der og så langt det lar seg gjere, vere nærmast mogleg der du bur.

Vi vil:

- at det skal vere godt å bu i alle delar av kommunen.
- arbeide for at det skal vere tilgang på tomter i alle krinsar.
- Kommunen må utarbeide gode bustadplanar for kvar krins.
- Kommunen må ha oppdaterte arealplanar til ein kvar tid slik at vi får realisert måla våre om utvikling av bustad og næringsareal.
- arbeide for at det skal byggjast utleigebustadar slik at ungdom enklare kan komme seg inn på bustadmarknaden, og terskel for tilflytting vert lågare.
- arbeide for at Harpefossen skisenter kan vidareutvikle anlegg og tilbod. Dette for å sikre vidareføring av posisjonen som regionalt alpinanlegg.
- arbeide for at Fellesanlegget Tua kan vidareutvikle anlegg og tilbod. Dette for å sikre vidareføring av posisjon som regionalt skyteanlegg og skianlegg.
- jobbe aktivt for betre utnytting av nærmiljø og naturen i kommunen i høve turstiar, samlingsplassar og naturleikeplassar.
- framleis jobbe for realisering av symjebasseng i Selje.
- Senterpartiet ynskjer å leggje til rette for realisering av fotballhall og tribuneanlegg med miniatyrskytebane, om mogleg i området kring skulane på Nordfjordeid.
- arbeide for tilstrekkelege rammer til kommunen sine oppgåver. Eigedomsskatt skal vere så låg som mogleg, men Senterpartiet vil nytte eigedomsskatt for å sikre innbyggjarane rett tenestenivå ved behov.
- sikre at mest mogeleg av ressursane vert brukt ute hos barnehageborn, skuleelevar og eldre. Senterpartiet vil prioritere vedlikehald av våre bygg.
- utvikle og styrke Nordfjord sjukhus.
- ha eit tett og godt samarbeid med helseaktørar i kommunen, skulevesenet og frivillige lag og organisasjonar for å oppnå eit program for folkehelse som gjer Stad kommune leiande i landet innan folkehelsearbeid.
- skape møteplassar og aktivitetsplassar for alle aldersgrupper med fokus på folkehelse.

- arbeide for at Nordfjordeid vert styrka som handelssenter.
- arbeide for Nordfjordeid som skulesenter held fram den positive utviklinga i samarbeid med Inviro og Vestland fylkeskommune m. fl.
- arbeide for eit nytt næringsareal i nærleiken av Nordfjordeid sentrum ved å ta utgangspunkt i sentrumsanalysen for Nordfjordeid og lage ein heilskapleg arealplan som tek omsyn til behova framover
- gjere fritidskontaktordninga meir attraktiv.
- arbeide for aktivitetar og fleire varige tilrettelagde arbeidsplassar for born og unge med nedsett funksjonsevne.

Infrastruktur

Folka og næringslivet i kommunen er avhengig av at kommunen heng saman med resten av verda på ein god og effektiv måte. Mobildekning og fiber er difor viktig på linje med tenlege vegar. Det er viktig for Stad Senterparti at heile kommunen har god kommunikasjon og infrastruktur lokalt, nasjonalt og globalt.

Senterpartiet vil difor:

- arbeide for å gjennomføre vedtekne trafikktryggingsplanar.
- arbeide for å få bygd gang- og sykkelveg langs rv. 15 på Stårheim.
- arbeide for at ein kan byggje gang- og sykkelveg mellom Ytre Skårhaug og "Svora" som ledd i utbygging av samanhengande gang og sykkelveg på rv. 15 vest for Nordfjordeid.
- arbeide for å fullføre gang- og sykkelvegane langs fylkesvegane i Selje, på Leikanger og på Flatraket.
- arbeide for gangsti/fiskesti Nor bru-Nes
- arbeide for ein «Nordfjordpakke» i samarbeid med Kinn, Gloppen og Stryn kommune med mål om å løfte fram og sette fokus på felles behov på riks- og fylkesvegnettet både i høve utbygging og finansiering. Tiltak for gåande og syklande står sentralt.
- sikre fiber og mobildekning til alle bygder i heile Stad.
- sørge for godt vedlikehald av det kommunale vegnettet.
- vere ein kontinuerleg pådrivar for realisering av brua Anda-Lote.
- arbeide for Stad Skipstunnel og for å sikre kommunen og innbyggjarane sine interesser i den samanheng.
- arbeide for gode og tenlege bussruter, særleg for at barn og unge skal kunne nytte seg av fritidstilbod i kommunen, gjerne gjennom bestillingsrute.
- arbeide for opprusting av fylkeskommunale vegar som: Kjøde-Sandvik , Fossebakken- Nivalsaker, Nordfjordeid -Torheim, Naveosen-Brubakken.
- arbeide for trygging av skredutsette strekningar i kommunen som Skredestrand, Sørpollen og Nivalsaker.
- arbeide for at Bryggja vert styrka som regionalt transportknutepunkt.
- arbeide for at Vestland fylkeskommune gjennomfører vedteken reguleringsplan på fv. 61 Naveosen-Bryggja med tilhøyrande gang- og sykkelveg
- arbeide for hurtigbåtforbindelse Bergen-Ålesund/Vigra.
- halde på dagens nivå på ferje- og båttilbod.

- arbeide for at det blir bygd tunnel frå Moldefjorden til Kjøde for å effektivisere utbygging av Stadt Skipstunnel, og auke den totale samfunnsnytten.
- arbeide for realisering av ny rv. 15 Strynefjellstunnel
- arbeide for å realisere Nordfjordbrua Lote-Anda ved hjelp av brukarfinansiering og ferjeavløysingsmidlar
- arbeide for at Vestland fylkeskommune tek over eigarskapen til busstasjonen på Nordfjordeid og at denne vert utvikla slik vi ser i Førde og Sogndal.
- arbeide for å etablere sikker kryssing for mjuke trafikantar over rv. 15 ved bakketoppen på Haugen.

Gode arbeidsplassar

Vi vil vidareutvikle det sterke og varierte næringslivet vi har i Stad kommune. Vi har store utviklingsmoglegheiter innanfor fleire sektorar. Vi ynskjer å utnytte våre fortrinn i tradisjonelle næringar. Vi må også utnytte større del av potensialet innanfor produksjon og foredling av mat, energi, produkt og materiale basert på fornybare biologiske ressursar som skog, jord, husdyr og plantar. Vekst er ikkje alltid å bruke meir, men å forvalte betre. Det er vekstpotensiale og forretningsmoglegheiter i å finne berekraftige løysingar for framtida.

Den nye kommunen skal drive eit offensivt næringsutviklingsarbeid i samspel med bedriftene. Rekruttering er ein av dei største flaskehalsane for at bedriftene i vår kommune skal kunne utnytte potensialet sitt for vekst og utvikling. Her har kommunen og næringslivet ei felles interesse. Samarbeid mellom næringsliv og skule, og utvikling av desentraliserte utdanningstilbod er difor viktig.

Stad skal vere ei tydeleg og sterk kystkommune som samarbeider med sine nabokommunar på kysten. Stad skal samstundes vere ein kommune plassert sentralt i Nordfjord som byggjer sterke bu- og arbeidsområde gjennom samarbeid med kommunane i Nordfjord.

Landbruk – vi vil:

- ha eit variert landbruk, med rom for både store og små produksjonar.
- vektlegge å ikkje bygge ned dyrka jord, og vil arbeide for å etablere og lage langsiktige avgrensingar mellom dyrka mark og annan bruk av arealet.
- arbeide for fortetting og høg utnyttingsgrad av sentrumsareala.
- ha betre oppfølging av bu- og driveplikt.
- utarbeide ein landbruksplan.
- oppretthalde kulturlandskapet og kystlyngheia ved å auke tal beitedyr i utmarka.
- ta vare på og vidareutvikle den unike kystgeita.
- vidareutvikle samarbeidet om landbrukskontor mellom Floppen og Stad.
- styrke Fjordhesten sin unike posisjon

Reiseliv – vi vil:

- vidareutvikle natur- og kulturbasert reiseliv.
- arbeide for at Stad kommune tek posisjon som Vikinghovudstad i verda:
 - Sagastad
 - Dragseidet

- Stad Skipstunnel
 - Samarbeid med båtbyggjarmiljøet på Bjørkedalen
- utvikle Vestkapp, Selja, St. Sunniva og klosteret som reisemål.
- legge til rette for Pilgrimsturisme og arbeide for å vidareutvikle regionalt pilegrimsenter i Selje.
- stille krav til minimal lokal ureining frå Cruiseturismen.
- utgreie turistskatt som inntektspost til kommunen.
- utvikle Nordfjordeid som berekraftig cruisedestinasjon som bidreg til lokal verdiskaping og aktivitet.
- arbeide for at postvegen Bryggja-Selje får status som nasjonal turiststi.
- arbeide for å styrke Holmøyane som eit utstillingsvindauge for lokal handverkstradisjon, design og møbelproduksjon.
- satse på fjordhesten og vidareutvikling av Norsk Fjordhestsenter. Vidareføre ridesti frå Fossane til Harpefossen.
- legge til rette for aktivitetsbasert turisme slik som til dømes sykkel, ski, riding fjellopplevelsingar, klatring, surfing, fisking, dykking med meir. For å få dette til treng vi aktive og levande lokalsamfunn.
- oppretthalde kulturlandskapet.
- legge til rette for satsing på gjestehamner og infrastruktur nord og sør for Stadt skipstunnel slik at båtturistane stoppar og utforskar Stad kommune.
- arbeide for å gjenreise Nor brygge som knutepunkt og reisemål ved Hornindalsvatnet.
- arbeide for turistrute Kjølsdalen-Davik.
- arbeide for tettare samarbeid om reiseliv i Nordfjord og på Sunnmøre.
- utgreie moglegheitene for nasjonal turistveg fv. 5794 Leivdal-Kalvatn.

Handelsnæring – vi vil:

- vidareutvikle Nordfjordeid som eit handelssentrum.
- ha fortetting av Nordfjordeid som handelssentrum.
- sikre at handelsnæringa vert mest mogleg robust mot netthandel – vi ynskjer ein felles strategi som gjer at Nordfjordeid er plassen alle ynskjer å handle. Dette handlar om aktivitetar også utanom shopping.

Fiskeri-havbruksnæring – vi vil

- legge til rette for å utnytte vekstpotensialet innanfor sjømatnæringa i heile kommunen inkludert leverandørindustri mot desse næringane.
- legge til rette for næringsetableringar i tråd med kommunen sin arealplan.
- halde arealplan i sjø oppdatert i tråd med behov.
- arbeide mot taretråling på stadar der det gjev negative konsekvensar.
- vere ei god hamn for dei selskapa vi har innanfor fiskeflåten og foredling.
- stimulere til meir vidareforedling og verdiskaping av ressursane frå havet.
- arbeide for ein variert fiskeflåte.
- arbeide for positiv utvikling for fiskerihamna som er etablert i Lestovika og arbeide for å utløse synergiar knytt til arealet Kystverket vil etablere i Lesto.
- stimulere til berekraftige løysingar for oppdrett med gjenbruk av avfall både på land og i sjø.

Offentlege arbeidsplassar

- Legge til rette for kommunale arbeidsplassar både i Selje og Nordfjordeid.
- Arbeide for at Stad kommune kan vere vertskap for statlege arbeidsoppgåver, og samarbeide i Nordfjord for at oppgåver vert flytta ut til vår region.
- Arbeide aktivt for å styrke og bevare dei offentlege statlege arbeidsoppgåvene som er i kommunen og i Nordfjordregionen.
- Arbeide for å realisere Statens hus på Nordfjordeid.
- Arbeide for å vidareutvikle Firda kaserne som regionalt og nasjonalt forsvarsanlegg med fleire øvingar og meir samarbeid med Forsvaret.

Generelt for næringslivet

- Senterpartiet vil arbeide for best mogleg rammeverk for næringslivet.
- Skatt på næring er aktuelt dersom kommunen er heilt avhengig av dette for å kunne oppretthalde livskraftige lokalsamfunn som tener bedriftene sine behov.
- Vi vil arbeide for et strategisk samarbeid mellom kommune og næringsliv på identitetsbygging, relasjonsbygging og rekruttering.
- Kople Stad Kommune på arbeidet med «grøn region Vestland».
- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og Stad Vekst.
- Arbeide for at gründerar og nyetablerarar skal få eit verkemiddelapparat som gjer det naturleg å satse i Stad kommune.
- Halde på eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS.
- Etablere eit nytt næringsareal, primært der bruken allereie er sett av til næringsføremål i nærleiken av Nordfjordeid.
- Etablere nytt og revitalisere eksisterande næringsareal.

Kommuneøkonomi

- Utgreie alle moglege potensielle inntekts sider for Stad kommune med tanke på å styrke kommuneøkonomien.
- Prioritere tenestelevering i driftsbudsjettet.
- Arbeide for reduksjon i lånegjelda.
- Arbeide for å forbetre og stabilisere kommunen sin økonomi.

Ein god plass å bli gammal

Samspel mellom generasjonar gjev ein viktig dimensjon i livet. Senterpartiet ynskjer eit lokalsamfunn som verdset dei eldre og slepp til dei eldre som viktige ressursar i samfunnet. Vi ynskjer at alle blir sett og at ingen er einsam. Kontakt mellom barnehageborn og skuleborn og eldre er verdifullt for begge partar og gjev auka livsglede.

Utfordringane med auka levealder og fleire eldre er at brukarane av institusjonsplassar har meir samansette problem som vil krevje meir kompetanse hjå dei tilsette på institusjonane. I tillegg kan desse brukarane vere meir ressurskrevjande. Samhandlingsreforma fører til at pasientar blir utskrivne frå sjukehusa tidlegare til kommunane enn før, mange av dei har samansette behov. Stad senterparti tar dette på største alvor og vi skal ta vare på våre eldre på ein verdig måte.

Vi vil:

- legge til rette for eldre som ynskjer å bidra i sitt lokalsamfunn.
- arbeide mot einsemd.
- oppretthalde drifta av institusjonskjøkken.
- styrke heimetenesta og samarbeid med frivillige.
- byggje tilrettelagde bustadar i Nordfjordeid og Selje der bebuarane kan klare seg mest mogleg sjølve.
- legge til rette med informasjon for å senke terskel for at private legg til rette i eigne bustadar slik at ein kan bu heime lengst mogleg.
- oppretthalde eldretuna/omsorgssenter som spelar ei viktig rolle for at eldre skal bu mest mogleg lokalt så lenge som mogleg.
- satse på dagsentertilbod i Nordfjordeid og Selje.
- satse på førebygging og trening i å meistre eige liv.
- Nok kapasitet i helse, fastlegar og sjukepleiarar.
- ta i bruk velferdsteknologi.
- ha ein pårørandepolitikk der ein tilbyr omsorgsløn og gode avlastningsmoglegheiter for dei som tek seg av sine eldre.
- at pasientane skal ha tilbod om ein aktiv og innhaldsrik kvardag.
- at pasientane og pårørande skal ha innflytelse og få ein individualisert plan for sin kvardag.
- legge til rette for godt samarbeid mellom alle institusjonar, samt sjå heilskapleg på helse og omsorg.

Regionalt samarbeid

Vi vil:

- arbeide for tettare og nærmare samarbeid mellom kommunane i Nordfjord og på Søre Sunnmøre.
- utgreie moglege interkommunale samarbeid som kan avlaste kommuneøkonomien i Nordfjordkommunane.
- utgreie moglegheitene for å etablere tverrkommunale næringsområde i randsonene og nær knutepunkt.
- gjennomføre ei kartlegging av samarbeidsområde i Nordfjord og på Søre Sunnmøre.

Klima og samfunnsansvar

Senterpartiet er eit grasrotparti med nærleik til naturen. Menneska lever på naturen sine premissar. Våre viktige prinsipp er «vern gjennom bruk» og «tenk globalt, handle lokalt». Vi må ta tunge grep og byggje brua frå det fossile til det fornybare samfunnet. Vi kan bidra lokalt. Kommunar og fylkeskommunar kan bidra med sine krav til kjøp av varer og tenester. Det kan bidra til å gjere teknologi frå Noreg verdsleiande på leveransar til fornybar energi og industri. Men staten må medverke med å stimulere til denne satsinga. På same måte som Noreg investerte milliardar for å utvikle oljeteknologien på 70-talet. Vi må ta dei rette grepene for at våre born sine born skal ha ein god morgondag.

Vi vil:

- sikre nærleik til tenester ein har behov for i kvardagen.
- føre ein offentleg innkjøpspolitikk som stimulerer til lågutslepp og om mogleg nullutslepp.
- stimulere til å drive skogen aktivt.
- dyrke havets skog gjennom tilrettelegging for taredyrking.
- nytte naturressursane til å produsere meir rein og fornybar energi på ein berekraftig måte.
- sikre at kommunen har det avgjerande ordet i vindkraftsaker.
- sikre at alle sider av konsesjonssaker er grundig utgreidd før avgjerd.
- at grunneigarar og grendalag sine syn skal vere retningsgjevande.
- ta vare på matjorda og dyrkbar jord som ein beredskap for auka matproduksjon i framtida.
- utgreie moglegheitene for utsleppsfree skyssordning kring Nordfjordeid.
- sikre matberedskap lokalt og produsere all mat vi kan i Noreg frå både land og hav.
- arbeide for å etablere eit nasjonalt Co2-fond for næringstransport i samarbeid med næringslivet.
- sikre at alle drikkevasskjelder i kommunen og verna vassdrag vert prioritert i kommunen sitt klimaarbeid
- arbeide for overføring av transport frå veg til kjøl.
- arbeide for at staten følgjer opp med midlar som gjer det mogleg å føre ein offentleg innkjøpspolitikk som aukar etterspurnaden etter klimasmarte løysingar og bruk av fornybare råstoff med eit langsiktig mål om at dette skal bli økonomisk berekraftig.